

## Parkeringsinformasjon

Parkeringsinformasjon for pasientar og pårørande på sjukehuset sitt område – følg skilting og reglar for parkeringsavgift

## Kontaktinformasjon

- Føde-barselavdeling
  - Kristiansund sykehus: 71 12 18 05
  - Molde sykehus: 71 12 17 60
  - Volda sjukehus: 70 05 83 61
  - Ålesund sjukehus: 70 10 59 40 / 70 10 59 28
- Pasientkoordinator for operasjon
  - Kristiansund: 71 12 18 05
  - Molde: 71 12 17 60
  - Volda: 70 05 82 48
  - Ålesund sjukehus: 70 10 59 57

Helse Møre og Romsdal HF

[www.helse-mr.no](http://www.helse-mr.no)

Mai 2015

Kvinneklinikken

# Planlagt keisarsnitt

## Informasjon til

- deg som er gravid
- barnefar / ledsagar



[www.helse-mr.no](http://www.helse-mr.no)

## Velkommen til oss!

Vanlegvis møter du i fødeavdelinga dagen før keisarsnittet. Dersom det er planlagt til ein måndag (eller dag etter høgtid) møter du vanlegvis fredag før inngrepet.

Her blir du tatt i mot av jordmor. Ho informerer om forløpet ved planlagt keisarsnitt og utfører nødvendige undersøkingar. Mellom anna måler vi blodtrykk, temperatur, tar blodprøver, lyttar på hjertelyden og vurderer barnets leie. Du får samtale med anestesilege/anestesisjukepleiar og lege ved fødeavdelinga.

Ta med:

- Helsekort for gravide
- Svar på blodprøver tatt i svangerskapet
- Toalettsaker, klede og sko til innebruk

Dersom du planlegg å bruke beresjal/tubetopp til barnet er det fint om du tar det med.

Om du ikkje har for lang reiseveg kan du vanlegvis sove heime natta til operasjonsdagen.

**OBS!** Har du dei siste 12 månadane vore i kontakt med helseteneste i utlandet kan det vere risiko for at du har blitt utsett for MRSA-smitte, eller annan multiresistent bakterie-smitte. Du skal då teste deg hos din fastlege eller jordmor i svangerskapsomsorga før du kjem til sjukehuset.

### Familien – under opphaldet

Barnefar / ledsagar og barnets søsken er velkomen i avdelinga. Du har høve til å ta i mot besøk av barnets besteforeldre i tida kl 18.00 – 19.00. Avdelinga er ikkje open for andre besökande.

Om forholda ligg til rette er det er høve for barnefar/ledsagar å vere tilstades heile døgnet. Målet er at alle som ønskjer det får tilbodet. Søsken er velkommen på besøk, men det er ikkje rom for dei til overnatting.

### Heimreise

Ved planlagt keisarsnitt reiser du vanlegvis heim 3. dag etter fødselen. Før heimreise vil du få tilbod om utreisesamtale med jordmor.

Vi planlegg at du blir utskriven på føremiddagen. Du vil få med kopi av fødselsrapporten som vi sender til helsestasjonen. Få dagar etter heimkomst vert du kontakta av jordmor eller helsesøster i kommunen, der vidare oppfølging skjer. Ta også sjølv kontakt med helsestasjonen om du lurer på noko.

Dei 2 første vekene etter fødselen har du høve til å kontakte barselavdelinga/amme-poliklinikken dersom helsestasjonen ikkje er open. Telefonnummer finn du på siste side i brosjyren.

Det er nyttig for deg å kjenne til Ammehjelpen – gå til [Ammehjelpen.no](http://Ammehjelpen.no) for meir informasjon

**Lykke til!**



## Barnets fødsel

Dersom du har med deg barnefar / ledsager vil han sitte hos deg under inngrepet.

Vi ønskjer å legge til rette for at barnet så raskt som mogeleg etter fødselen får kome på mors bryst. Hud-til-hud kontakt frå like etter fødselen er viktig for en god start for mor-barn - og vidare for en god start på amminga. Målet er at barnet skal ligge hud mot hud fram til den første amminga har funne stad. Det vil vere ulikt kor lang tid det tar før barnet er klar til å die.

Den nyfødde vil ha bleie og lue på. I tillegg vil varmt tøy bli lagt over barnet for å unngå at barnet blir avkjølt.

Også nyfødde som av ulike årsaker ikkje skal die hos mor vil ha stor fordel av direkte og hyppig hudkontakt den første tida.

Etter operasjonen flyttar du til oppvakningsavdelinga. Så lenge du og barnet har det bra, har du barnet hos deg med høve til tett kroppskontakt og amming.

Det er ikkje høve til å filme eller ta bilete inne på sjølve operasjonsstova, men i rommet utanfor er det mogleg å ta bilete av barnet. Video og bilete av tilsette blir ikkje akseptert.

**NB! Mobiltelefon er ikkje tillat i operasjonsavdelinga og oppvakningsavdelinga!**

**Vi tilrår også å redusere mobilbruken under opphaldet i barselavdelinga sidan barnet treng foreldra si fulle merksemd den første tida**





## Barseloppahaldet

### Oppvakningsavdelinga

Sjukepleiar ved intensivavdelinga har ansvar for deg dei første timane etter operasjonen. Jordmor/barnepleiar vil hjelpe med tilrettelegging for amming. Vi har fokus på god smertelindring, individuell støtte og rettleiing.

Barnefar/ledsagar er velkommen å vere hos deg også den tida du er i oppvakningsavdelinga. Du skal ikkje vere alleine om ansvar for barnet dei første timane etter operasjonen difor er det nødvendig at barnefar/ledsagar gir beskjed om han/ho går frå avdelinga. Vanlegvis får du flytte til barselavdelinga etter 3-4 timer.

### Barselavdelinga

Du vil få god smertelindring og individuell støtte/rettleiing under opphaldet. Det er viktig med tidleg mobilisering etter operasjonen, og allereie operasjonsdagen får du hjelp til å komme ut av senga. Vanlegvis vil urinkateteret bli fjerna få timer etter operasjonen.

Vi legg til rette for at du og barnet kan ha hyppig og nær kontakt som også er gunstig for amminga. Det at du er ny-operert skal ikkje vere til hinder. Dersom du ikkje skal amme vil du få informasjon om morsmjølkerstatning under opphaldet.

I brosjyren "Velkommen til barseloppahald..." kan du lese meir om den første tida – husk å ta den med når du reiser heim.

## Operasjonsdagen

Du skal vere fastande frå midnatt og møter til avtalt tid i fødeavdelinga. Å vere fastande vil seie at du ikkje kan nytte mat, «tyggis», drops eller røyk. Du kan likevel drikke klare væsker fram til 2 timer før operasjonen. Du møter nydusja, men unngå å ta på hudlotion/-olje.

I fødeavdelinga får du lagt inn urinkateter og utført hår-fjerning rundt operasjonsfeltet.

**NB!** På grunn av infeksjonsførebygging er det viktig at hår-fjerning skjer på sjukehuset.

## Barnefar / Ledsagar

Du har høve til å ha med deg ein ledsagar. Det gjeld dersom du får ryggbedøving (spinal eller epidural) –og er vaken under operasjonen. Hensikta er at han / ho skal vere til støtte for deg, og at dykk får oppleve fødselen saman.

Ledsager må skifte til operasjonsavdelinga sitt tøy og ha munnbind og hette på under operasjonen.

Dersom det oppstår komplikasjonar må barnefar / ledsagar forlate operasjonsavdelinga.